

# Tjue år på vege med songar på bøhering



**STARTEN:** Her er trioen som starta Bygdabilly band, Eivind Aase, Jon Solberg og Ken-Børre Langås, etter ein konsert i 2003. FOTO: Privat



**DAGENS BAND:** I dag består Ni Liv av Jon Solberg, Jan Birger Akerhaugen, Terje Meisingseth, Knut Olav Sandvik og Eivind Aase. FOTO: Alva Thoren



**POPULÆRE:** Ni Liv er eit populært live band, og har god kontakt med publikum. Bildet er frå 2015 FOTO: Privat



**IMPROVISERER:** Jon Solberg, Eivind Aase og Jan Birger Akerhaugen improviserer ein låt til ære for bladfyken. Terje Meisingseth og Knut Olav Sandvik var ikkje til stades.

FOTO: Unni Buverud

**For 20 år sidan starta Bygdabilly Band i Bø. Etterkvart skifta bandet både besetning og namn, og heiter i dag Ni Liv. Vokalist og låtskrivar Jon Solberg har vore med frå starten. Han lovar ny plate i jubileumsåret.**

Unni Buverud  
redaksjon@boblad.no

I samband med 20-årsjubileet, går bandet i studio i pinshelega for å spele inn ein ny plate. Ni Liv skal ha jubileumskonsert på Telemarksfestivalen, og plate-slepp i oktober, etterfylgd av ju-

bileumsturne. Jon Solberg og Eivind Aase har vore med heilt sidan Bygdabilly band starta opp i 2003, då som trio med Ken-Børre Langås. I 2003, 2004 og 2005 spelte bandet mest som trio.

men det hende Terje Meisingseth var med på tangentar og trekkspel. Hausten 2005 skreiv bandet under ei artistavtale med Warner Music Norway, og i januar 2006 kom bandet ut med sitt fyrste album Bygdabilly Band, der dei opptrådte som Bygdabilly band.

Etter fire år skifta bandet namn til Ni Liv. Forutan Jon (vokal/gitar) og Eivind (trommer), består bandet i dag av Jan Birger Akerhaugen (gitar), Terje Meisingseth (piano) og Knut Olav Sandvik (bass).

Sistnemnde kom med i 2009, etter at Ken-Børre gav seg, mens Jan Birger og Terje blei faste

bandmedlemmar i 2010.

## Ni liv passar til alt

Jan Birger fortel at da han i 2002 spela på jazzklubben saman med Eivind, kom Jon, som var heime på juleferie, inn i ein stor frakk. Han hadde berre auge for Eivind på scena. Det var tydeleg at han gjorde inntrykk.

– Ja, eg hadde han med som vikar på ein spelejobb på Lifjell hotell, og han var veldig med på det eg spela, me kommuniserte godt med musikken. Det var veldig moro, seier Jon.

Eivind legg til at han også syntest det var moro, han hadde

til da berre spela med gamle folk.

Etterkvart følte bandet trong til eit navn som ikkje sette dei i bås som eit rockabilly band. Det ble sett i gong ei avstemning i NRK Telemarksendinga om nytt navneforslag. Av alle forslag som kom, valde bandet Ni Liv.

– I det namnet kan ein putte inn all slag type musikk. Men det er amerikana som er grunnstamma i musikken vår, seier Jan Birger.

## Likar å improvisere

Ni Liv har opp gjennom åra fått mykje speletid på NRK P1 radio, med 13-14 låtar i rotasjon. Jan

Birger fortel at låtar som "Kan eg få lov å elske deg" frå den siste plata, låg på A-lista i fire-fem veker, og "Ikkje spor" gjekk i si tid til topps på Norskstoppen. Også på Spotify er Ni Liv populære. Låta "Må, bare må" har 3 millionar avspelingar.

– Kva tenkjer de er årsaka til at Ni Liv har blitt så populære?

Jan Birger peikar på at tekstlandskapet til Jon er eit fundament, som mange kjenner seg att i. Dessutan er Ni Liv eit liveband, eit kult band å sjå på scena.

– Me spelar ikkje som på plata, men improviserer litt med låtane når me er på konsertar. Jon

peikar på at Ni Liv er eit leikent band, kanskje litt annleis enn andre band i denne sjangren. Det er moro å spele live, derfor held me på, seier Jan Birger, mens Eivind og Jon nikkar.

Jon legg til at ein låt kan spelast tusen gonger, likevel blir dei ikkje lei av den.

## 25 låtar blir til 10

Nå forebur Ni Liv seg på plateinnspeling. Dei har allereie eit bra låtmateriale, heile 25 låtar ligg og ventar.

– Dette er ein prosess. Av dei 25 låtane plukkar me ut dei 12 me likar best, og til slutt sit me

att med 10 låtar som skal på plata, fortel Jan Birger.

– Kva skjer med resten, blir dei brukt til ein seinare anledning?

– Nei, me brukar sjeldan resten av låtane. Drivkrafta er å lage og selje noko nytt. Men på den nye plata har me faktisk plukka fram att ein låt. Jon skreiv for 12 år sida, seier Jan Birger.

– Kvar hentar du inspirasjon til tekstane, Jon?

– Overalt, frå ei bok, ein film eller når eg pratar med folk. Eg samlar små snuttar, setningar og idear. Etter kvart set eg meg ned og set dette saman til ein

heil tekst. Dei seinare åra har Jan Birger og eg samarbeidd om dette, det er fint, seier Jon.

## Må ha eit bodskap

Når låtskissa er ferdig, spelar dei den saman med resten av bandet. Alle er engasjert når det kjem noko nytt.

– Det følest som me har noko ålreit på gang no, eg trur dette blir ei bra plate. Men det er spennande, me veit jo ikkje korleis resultatet blir. Me prøver oss litt fram, seier Jan Birger.

Jon peikar på at kvar song må vere noko du vil seie, eit bodskap, og så må du fortelje det på

din måte. Han legg til at det er umuleg å seie på forehand om låta treff publikum. Til dømes blei "Kan eg få lov å elske deg", spela inn heilt på slutten av forrige plate. Dei trudde ikkje dette var nokon radiolåt. Men den gjekk rett heim.

– Koreis vel de tittel på låta eller plata?

– Det er vanskeleg, så det gjer me heilt til slutt. Eivind er best på slikt, seier Jan Birger.

– Eg tek det litt på feelingen, med utgangspunkt i ei av låtane, seier Eivind.